Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Masfjorden

Emne: Lauving | Bygdelag: Nordbygda

Oppskr. av: Ola R. Midtbø | Gard: Hósteland

(adresse): Hosteland | G.nr. 14 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Lau som ripes av træerne.

1. Ja dei lauvar endaa. Dei kallar det: aa lögge.
Lauvet er rekna som hjelpefor, ikkje lenre i staa.
Dei lauva under siste verdenskrig og. -

2. Der vert no lögga mykje mindre enn før.
Aarsaka er for ein stor del det at lögginga höyrde saman
med lösstinga so gjekk fyr seg kring jonsok naar björka
„gjekk" = d.v.s naar börk og næver let seg lett flekkje av.
Daa gjekk karane paa lösteskojen. Dei högde björkerne
og lössta bork og næver av. So var det kvinnfolka sitt
arbeid aa lögge björkerne so vart högde.
No er det slutt med lösstinga. Det svara seg ikkje seier
dei. Björkerne högg dei om vinteren og lagar famneved av
dei. Nei her er ikkje arbeidshjelp og tider no til lössting og lögging.
Men likevel lögga dei no endaa. Det er mest Björk, older
so vert lögga. Ein lögga baade för og etter slaatten no.

3. Dei brùka sigd - lauvsigd - gjerne ein kornsigd.
Nei dei brùka ikkje økse av dra greinene ned med.
Aa rispe lauvet med hand er ikkje bruka noko, men
naar ein ikkje hadde sigd lögga ein med berre handi

4. För lögga ein mest nedhogde tre, men no er det helst
slike so ein naar fraa marki. Sumestader er store „stúa"
so hev vöre „styvde" og so ein lögga eitt og anna aaret.

5. Lauvet vert bunda i smaa „kjerv" eller ~~[illegible]~~ knippe
Lauvkjerva faar ligge aa turke ein dag so det er „hæna" = halvturr

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1680

Dan her ein det heim og set lauvknippa kringom veggjene inne i löa eller eit anna hus. Naar dei er sopass turre at dei ikkje myglar, vert dei lagde saman i eitt staal – lauvstaal. Lauvstakk var ikkje bruka, da hisje lauvet eller sete det paa staur er ikkje bruka.

6. I marka vert lauvet bore heim paa lög. Der det er raad til det löyper eller firer ein det paa löypestreng. Lauvdugnad er ukjend her.

7. Ja der vert lögga baade paa innmark og i utmarka. Lögging er helst kvinnfolkearbeid. Askelauv rakar ein stundom saman naar det dett ned om haustane og er grönt.

8. I lauvstaal. Det er helst kjyr som faar lauv, men sauene er ogso glad i det men dei nyttar det ikkje so godt. Stundom hakkar ein lauvet og blandar det med halmhakk. Ei kjyr faar ikkje meir enn eitt lauvfjerv for dagen.

9. Askelauv og raunelauv er best, men olde og björkelauv er ogso bra. 10. Alm er her solita av no at almelauv er eitt sjeldhende. Laust-lauv hadde dei i kjipor

11 og 12. Nei hopalauving finnst ikkje her.

13 – 14 og 15. Det same som ovanfor.

B. Lauv som rakes sammen paa bakken.

1. Rakelauv. 2. askelauv 3. Rive. 4. i kjipe.

5 Det var so gunse. Dette lauvet var helst av tre so var planta paa innmarka, i utmarka her var der ikkje ask för.

6. Lagd i dunge. 7. Det vert hakka saman med halm og gjeve som hakkelse.

8. Det var berre askelauvet so var bruka soleis og det vert halde for godt naar det er grönt.

9. Rakelauv er ikkje noko sers naudsyn. Her er forlite av det til det. Det er mest bruka som underbreidsle. (Strö)

~ u ~

Her var nok ein og annan so bruka lauvkniv. – sniel ved löygingå, men det vanlege var sigden.

1680

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING